



Sjeldant flagg i Uskedalen! Annemarie Haering presenterer det sveitsiske flagget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ingen tvil - no er det sommar og innsiget av både kjende og sjeldne gjester er i full gang. Torsdag føremiddag vart ein riktig sjeldan gjest observert i båthamna - ein båt med sveitsisk flagg. Det er ikkje ofte at farkostar med flagg frå det typiske innlandet Sveits legg til ved vår molo!



Armin og Albert i Uskedalen- - Ein triveleg plass, var konklusjonen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det viste seg at båten, trålaren Indigo, var registrert i Basel og at han også kom derifrå. For den mektige flod Rhinen renn gjennom den sveitsiske byen og det er ikkje problematisk å sigla gjennom elva og ned til havet i Nederland.

Pensjonistparet Armin og Annemarie Haering frå Basel er eigarar av båten og med seg har dei eit anna pensjonistpar - Albert og Gerti Schneeberger. Dei bur i Graz i eit anna 'innland' - Austerrike.

Dei har ikkje båt, men også dei kunne segla heimafrå og ut til havet hvis dei ville. Dei kunne starta på Donau og komma over i Rhinen.

Ferda til dei fire har gått gjennom Kielerkanalen til Polen og Bornholm, Aust-Sverige og Gøta Kanal, langs vestkysten av Sverige og til Noreg.

Hos oss har dei mellom anna hatt ein triveleg stopp hjå fotografen Elisabeth Findreng i Lillesand og no er det altså i Uskedalen.

- Kvifor akkurat Uskedalen, ville uskedalen.no veta?

- Vi såg heilt enkelt på kartet og fann ut at dette måtte vera ein triveleg plass, var svaret.

No skal kvartetten eit stykke vidare innover fjorden der austerrikarane stig i land fordi dei må heim. Men sveitsarane dreg til Bergen. Med unnatak av Armin har ingen av dei fire vore i landet vårt før.

- Men eg var her for 40 år sidan og hugsar ikkje så mykje av det, seier Armin.

Av Ola Matti Mathisen